

ÅRSRAPPORT
MØRE OG Romsdal fylkeskommune

2001



DRIFTSOVERSIKT	4
HELSE- OG SOSIALTENESTER	5-6
TANNHELSE	7
UTDANNING	8-9
KULTUR	10
SAMFERDSEL	11
NÆRING OG MILJØ	12
REKNESKAP	13
ORGANISASJON	14

Utgeben av:

Møre og Romsdal fylkeskommune - mars 2002

Redaksjon:

Informasjonstenesta

Layout, pretrykkproduksjon:

Grafisk seksjon v/ grafisk konsulent Jørn Vang

Trykk:

EKH trykk AS

Fylkesrådmannen sin kommentar




Møre og Romsdal fylkeskommune kunne leggje fram eit rekneskapsresultat for 2001 som viser eit meirforbruk på 30,6 mill. kroner. Dette er vi særst godt nøgd med når vi veit at fylkeskommunen fekk uførutsette rekningar på til saman 120 mill. kroner, av dette ekstrarekningar til KLP på 82,3 mill. kroner og ekstra kostander på 37,5 mill. kroner i samband med den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta. I resultatet ligg også ekstra skatteinntekter/rammetilskot på 51 mill. kroner meir enn budsjettert.

Utan gjennomføring av tiltaka som fylkestinget vedtok i Omstilling 2000 og god økonomi-styring i alle sektorar ville eit så godt økonomisk resultatet vore umogleg å oppnå. Resultat-rapportane viser samtidig at vi i hovudsak har oppretthalde tenestetilbodet til innbyggjarane. Meiningsmålingar viser at brukarane våre i hovudsak er godt nøgd med tenestene vi yter, både når det gjeld kvalitet og måten våre tilsette møter brukarane på.

Fylkeskommunen byggjer sine styringsprinsipp på å nå gode resultat gjennom ein desentralisert organisasjon, målretta styring av ressursane og delegering av ansvar og mynde. Rammestyling av økonomien er eit av tiltaka som er sett iverk for å kunne gje leiarane større fridom til å styre økonomien for sitt ansvarsområde og planleggje bruk av midlane over fleire år. Rammestyling inneber at dei som har eit positivt resultat kan få bruke dette til å styrke neste års budsjett, mens dei som har meirforbruk blir trekt i ramma for neste år. Det er grunn til å tru at det positive driftsresultatet for dei fleste etatane delvis kan tilskrivast ramme-budsjetteringa, med leiarar og tilsette som har vist ein sterk vilje til å styre aktiviteten i samsvar med budsjettammene.

Fylkeskommunen har ved utgangen av 2001 likevel eit akkumulert underskot på 55 mill. kroner. Men med ei nøktern og god rammestyling kan det sjå ut til at fylkeskommunen kan kvitte seg med det samla underskotet i 2002. Med økonomien i balanse har Møre og Romsdal fylkeskommune eit godt utgangspunkt for løyse dei regionalpolitiske føringane som ligg i fylkesplana og vidareutvikle vår organisasjon for å sikre effektiv og god tenesteyting til innbyggjarane i fylket.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann



**MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE**

**TELEFON 71 25 80 00
WWW.MR-FYLKE.ORG**

Driftsoversikt

Driftsoversikta viser netto utgifter for drift pr. hovedansvarområde målt mot korrigert budsjett. Inndelinga i ansvarsområde er den same som for inndeling i fylkestingsrammer.

Ein fullstendig rekneskap med tilhørande noter blir lagt fram som eiga sak. Vi viser til denne saka når det gjeld detaljane i rekneskapen.

Avvik målt på brutttotal eller enkelte utgifts- og inntektsarter gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremerkta tilskot i stor grad ikkje er budsjetttert. Det same gjeld fond.

(Tal i heile 1000 kroner) (Tal i parantes er minustal)	Rekneskap 2001	Budsjett Korrigert	Budsjett Opphavleg	Avvik BK - R	Rekneskap 2000
FT-RAMME 11: Fylkesutvalet - øvrig verksemd					
Driftsutgifter	112 920	122 781	160 058	9 861	105 967
Driftsinntekter	(40 540)	(37 167)	(37 167)	3 373	(36 497)
Diverse finansposter	35	-	-	(35)	(1 856)
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat ramme 11	72 415	85 614	122 891	13 199	67 614
FT-RAMME 12: Utdanning					
Driftsutgifter	1 041 506	950 788	923 301	(90 718)	959 111
Driftsinntekter	(162 759)	(70 392)	(70 392)	92 367	(147 807)
Diverse finansposter	(2 431)	25	25	2 456	5 278
Brukt til investeringsformål	2 681	1 026	-	(1 655)	2 438
Resultat ramme 12	878 997	881 447	852 934	2 450	819 020
FT-RAMME 13: Helse og sosial					
Driftsutgifter	2 896 472	1 351 172	1 321 377	(1 545 300)	2 551 630
Driftsinntekter	(1 489 449)	(74 497)	(75 647)	1 414 952	(1 305 137)
Diverse finansposter	4 359	268	-	(4 091)	8 525
Brukt til investeringsformål	2 307	-	-	(2 307)	3 966
Resultat ramme 13	1 413 689	1 276 943	1 245 730	(136 746)	1 258 984
FT-RAMME 14: Tannhelse					
Driftsutgifter	79 719	79 003	77 559	(716)	75 457
Driftsinntekter	(19 373)	(20 697)	(20 697)	(1 324)	(16 792)
Diverse finansposter	2	300	300	298	1
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat ramme 14	60 348	58 606	57 162	(1 742)	58 666
FT-RAMME 15: Kultur					
Driftsutgifter	83 506	50 701	50 319	(32 805)	75 837
Driftsinntekter	(53 200)	(13 919)	(13 919)	39 281	(35 102)
Diverse finansposter	6 804	-	-	(6 804)	(5 454)
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat ramme 15	37 110	36 782	36 400	(328)	35 281
FT-RAMME 16: Næring og miljø					
Driftsutgifter	42 271	22 167	18 575	(20 104)	40 842
Driftsinntekter	(18 421)	(767)	(767)	17 654	(19 752)
Diverse finansposter	1 082	3 697	2 497	2 615	924
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat ramme 16	24 932	25 097	20 305	165	22 014
FT-RAMME 17: Samferdsel					
Driftsutgifter	398 346	349 267	361 159	(49 079)	345 402
Driftsinntekter	(47 785)	(389)	(389)	47 396	(27 290)
Diverse finansposter	302	-	-	(302)	(3 178)
Brukt til investeringsformål	527	-	-	(527)	-
Resultat ramme 17	351 390	348 878	360 770	(2 512)	314 934
FT-RAMME 18: Sentrale kontrollorgan					
Driftsutgifter	4 738	5 450	5 080	712	5 363
Driftsinntekter	(251)	(170)	(170)	81	(550)
Diverse finansposter	-	-	-	-	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat ramme 18	4 487	5 280	4 910	793	4 813
NETTO DRIFTSRAMMER	2 843 368	2 718 647	2 701 102	(124 721)	2 581 326

(I diverse finansposter inngår bundne fond og bruk av tidlige års avsetninger til disposisjonsfond)

Helse- og sosialtenester



Desse omstillingane har naturleg nok ført med seg uvisse om framtida både for helsetenesta og ikkje minst for den sentrale helseadministrasjonen. Den sentrale helseadministrasjonen vart redusert med om lag 20 stillingar. I tillegg kom fleire stillingar i andre delar av sentraladministrasjonen. Alle som ønskte det, fekk tilbod om arbeid i helseføretaka. Det blir no ei utfordring framover å tilpasse den nye organisasjonen til andre oppgåver. Innafor helse- og sosialsektoren har fylkeskommunen no ansvaret for rusomsorga, barnevernet og familievernnet i tillegg til tannhelsetenesta.

Når vi ser bort frå ekstrarekningane til KLP og ekstrarekninga i samband med sjukehusreforma, kjem helsesektoren ut med eit samla underskot på 24,2 mill. kroner - under 2% av nettobudsjettet. Eit særst godt resultat.

REGIONALT SAMARBEID

Regional helseplan 2001-2004 vart vedtatt av departementet i mars 2001. Ei rekke tiltak i Regional helseplan med oppstart/gjennomføring i 2001 vart sett i verk førre år:

- Elektronisk pasientjournal (EPJ).
 - Avtale er underteikna om PACS (digitalisering av røntgen).
 - Helseregionen valte forpliktande nettverkssamarbeid som hovudstrategi for samordning og organisering av sjukehusstilbodet.
 - Samordne dei fylkeskommunale psykiatriplanane med opptrappingsplan for psykiatrien og Regional psykiatriplan/Regional helseplan.
 - Styrke samhandlinga mellom 1. og 2. linetenesta, også elektronisk, i lys av fritt sjukehusval i hele landet.
- Sør-Trøndelag leia arbeidet i Regionalt helse- og sosialutval (RHSU) i 2001.

GJESTEPASIENTAR

Vår fylkeskommune kjøper tenester både innan somatikk og psykiatri i relativt stort omfang. Vi har tidlegare hatt avtale med Sør-Trøndelag fylkeskommune om gjestepasientoppdrag mellom fylka. Det er ikkje inngått slik avtale for 2001.

Totalt hadde vi ein kostnad innan psykiatrien på 15,5 mill. kroner, der vaksenpsykiatrien utgjorde vel 80%. Netto meirkostnad i høve budsjettet var 7,5 mill. kroner.

I russektoren er det ei mindreinntekt for kjøp og av tenester på om lag 3,2 mill. kroner. Dette skuldast vesentleg at Møre og Romsdal har nytta dei fleste plassane ved Veksthuset sjølve.

SOMATISKE SJUKEHUS

Somatikken i sjukehusa hadde eit samla underskot i 2001 på 114,2 mill. kroner. Når avviket er så stort, har det samband med utgiftsføring av ekstrarekningar frå KLP (knekkpunkt og aksjetap) og ekstrarekningar i høve statleg overtaking av spesialisthelsetenesta på i alt 88 mill. kroner. Dersom ein held tilleggsrekningane utanom, kjem somatikken ved dei fire sjukehusa ut med eit underskot på 27,7 mill. kroner – eller 4,1 prosent.

Sjukehusa har som tidlegare problem når det gjeld mangel på spesialpersonell, og da spesielt legespesialister og spesielle sjukepleiarar. Det fleste sengepostane har høg utnyttingskapasitet med til tider alt for stort bruk av korridorsenger – spesielt gjeld dette dei medisinske postane.

Utstyrs- og arealbehovet er stort. Løyvingane til utstyr er vidareført i tråd med statleg utstyrsplan.

Areal situasjonen er vanskeleg stort sett ved alle sjukehusa, men spesielt ved Fylkessjukehuset i Molde og ved Sentralsjukehuset i Møre og Romsdal. Fleire prosjekt er under realisering og andre under planlegging. I samsvar med vedtak gjort av fylkestinget er ombygging av lokaler til brystdiagnostisk senter ved SMR og vidareprosjekta ved FSM ved: ombygging/tilbygg til lokaler for MR og mammografiscreeening og ombygging/tilbygg til AMK-sentralen og mottaksavdelinga under oppføring. Planlegginga av den nye kreftavdelinga ved SMR har gått som planlagt og bygging vil venteleg ta til i juni 2002.

VAKSENPSYKIATRIEN

I 2001 fekk Møre og Romsdal fylkeskommune i alt 45.996 mill. kroner øyremerkta statsmidlar til styrking av psykisk helsevern. Desse midlane er disponert til barne- og ungdomspsykiatri og vaksenpsykiatri. I revidert opptrappingsplan for psykisk helse i Møre og Romsdal er vidare utvikling av distriktspsykiatriske sentra eit av dei to viktigaste områda. Det andre er utviding av barne- og ungdomspsykiatrien. Det blir lagt vekt på å utvikle eit betre tilbod basert på meir dag/poliklinisk behandling. I samsvar med dette er døgntilbodet innan distriktspsykiatriske sentra redusert. Åsli psykiatriske senter er avvikla frå 1. november 2001 og døgntilbodet ved Hals psykiatriske senter lagt ned frå 1. august 2001. Oppbygginga skjer ved å opprette fleire fagstillingar ved dei vaksenpsykiatriske poliklinikkane. Frå 1. juli 2001 vart dei psykiatriske sentra ein del av distriktspsykiatrisk avdeling ved kvart av dei fire sjukehusa. Denne endringa skjedde frå 1. januar 2000 i Volda.

Helse- og sosialsektoren har i 2001 vore prega av sjukehusreforma med overføring av ansvaret for sjukehusa frå fylkeskommunen til staten. Dette er ei stor reform der over halvparten av den fylkeskommunale verksamda målt i pengar og personell har skifta forvaltningsnivå. Dei første 8 – 9 månadene av året vart det også lagt ned mykje arbeid i å gjennomføre fylkestingets vedtak frå desember 2000 om organisering av dei fire sjukehusa til eitt sjukehus – Sjukehuset i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vart tona ned då den nye sjukehuseigaren organiserte sjukehusa i fylket i to helseføretak.

Helse- og sosialtenester

► BARNE- OG UNGDOMS-PSYKIATRIEN

Barne- og ungdomspsykiatri er eit viktig nasjonalt satsingsområde. Den statlege opptrappingsplanen for psykisk helse skal vare til og med 2006. I denne perioden blir det barne- og ungdomspsykiatriske fagfeltet tilført midlar til drift og investering. Det reviderte målet for barne- og ungdomspsykiatrien er å auke den polikliniske kapasiteten med 50% og å auke talet på døgnplassar. For å tilsette personale i fleire fagstillingar må dei fire poliklinikkane ha fleire kontor. Dette er under planlegging. Ungdomspsykiatrisk avdeling ved SMR vart sett i full drift frå og med september 2001. Med dette har Møre og Romsdal fått sine første døgnplassar for ungdom og familiane deira. Avdelinga har i alt 8 – 12 plassar til disposisjon fordelt på akuttplassar, behandlingsplassar og plass til pårørande. I 2001 var det også planlagt døgnplassar for akuttbehandling av ungdom i tilknytning til Fylkessjukehuset i Molde.

BARNEVERNTENESTA

Ved utgangen av år 2001 hadde vi fått tilvist 144 nye søknader, mot 107 året før. I løpet av året har vi hatt 107 plasseringar, mot 96 året før. Sakene representerte alt frå ungdom med omfattande åtferdsproblem som rus, vald og kriminalitet til barn med funksjonshemmingar og barn som har vore utsett for grov omsorgssvikt. Ein registrerar ei større auke av barn i førskolealder.

I institusjonane har vi 55 plassar og desse har alle vore nytta med fullt belegg så å seie heile året. I tillegg til tiltaka i eige fylke har vi formelt samarbeid med Storfossen Bokollektiv A/S der vi kjøper to plassar. Pr. 31. desember 2001 kjøpte vi fire plassar i private tiltak.

Vi har 259 fosterheimar. Målsetjinga er kvart år å kunne rekruttere 30 nye fosterheimar, men i 2001 klarte vi berre å rekruttere 17 heimar. Den noko lave rekrutteringa i løpet av året, kan ha årsak i ein lav bemanning ved seksjonen store delar av året.

Arbeidet med MST (multisystemisk terapi) starta opp i 2000. I 2001 var det 18 søknader på MST tiltaket.

REHABILITERING

Dei tre rehabiliteringsinstitusjonane Mork senter, Nevrohjemmet og Aure opptreningssenter har hatt gode driftsår.

TENESTER FOR RUSMISBRUKARAR

Arbeidet med planar for avrusingsavdeling ved Vestmo behandlingssenter og nybygg for Veksthuset har også stått sentralt i 2001. Det er vedtatt bygge-/romprogram for begge prosjekta der institusjonane har stor deltaking i arbeidet. Den største utfordringa er framleis å etablere tilbod for avrusing i fylket. Det har også vore eit auka behov for å kjøpe behandlingsplassar utanfor fylket i 2001, noko fylkeskommunen i mange høve ikkje har ressursar til å i møtekomme.

Midt Norsk kompetansesenter har hatt eit godt arbeidsår i 2001. Spesielt er det lagt ned mye arbeid i prosjektet "Rus som samfunnsproblem".

Ved Vestmo behandlingssenter er belegget stabilisert med 83,3% i 2000 og 82% i 2001. Institusjonen har hatt fleire tvangssaker i 2001. Ved Veksthuset har belegget gått opp frå 61% i 2000 til 83,5% i 2001. Sør-Trøndelag har kjøpt 15% av plassane medan Møre og Romsdal har brukt 75%.

I alt har 34 personar frå vårt fylke søkt om metadonassistert rehabilitering sidan det starta opp i 1999. 17 av desse har fått tilbod. 4 personar er

skrevet ut sidan oppstart, og 9 personar er på venteliste eller under avklaring.

AMBULANSE OG MEDISINSK NØDMELDTENESTE

Driftsseksjonen for ambulanse og nødmeldeteneste, inngår som ein del av den sentrale sjukehusleiinga sin organisasjon. Det blir satsa på opplæring av ambulansepersonell – m.a. har alt ambulansepersonell årleg sjekk i høve hjerte/lungeredning.

Det er AMK-sentralar ved alle fire sjukehusa med ruting av alarmtelefon 113 til alle sjukehusa. Elektronisk kart er i bruk ved SMR og bør skaffast til dei andre sjukehusa.

Det er inngått avtale om kjøp av hjertestartarar til distriktsambulansane.

FAMILIEVERN

Familievernkontora har vidareført si verksemd etter same mønster som tidlegare. Kontoret i Ålesund har fått auka tilskott til ei ny stilling i 2001 og ei ny stilling i 2002. På sikt skal det opprettast eit familievernkontor på Søre Sunnmøre der dei nye stillingane ved Ålesundskontoret skal vere ein del av staben. Kontoret i Molde har fått styrka budsjettet for å delta i eit prosjekt "Vitne til vald".

Samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og familievernkontora i Molde og Ålesund er reforhandla i 2001 og gjeld for 5 år.

SJUKEHUSAPOTEKA

Alle tre sjukehusapoteka har hatt gode driftsår og kan samla vise til eit positivt årsresultat på om lag 4 mill. kroner.

Situasjonen for apoteka er noko usikker ut frå at heile apotekverksemda vil få ein friare rolle med auka konkurranse og fleire nyetableringar av private apotek. Det er elles ikkje avklart korleis situasjonen blir for sjukehusapoteka som følgje av statleg overtaking av spesialisthelsetenesta frå 01.01.02.

ØKONOMI

Somatisk tenester har hatt eit meirforbruk på 114,7 mill. kroner medrekna ekstrarekningar på 90,5 mill. kroner.

Psykiatriske tenester har hatt eit meirforbruk på 21,3 mill. kroner medrekna ekstrarekningar på 19,8 mill. kroner.

Øvrige helse- og sosial tenester har hatt eit meirforbruk på 0,6 mill. kroner medrekna ekstrarekningar på 2,2 mill. kroner.

Tannhelse



PERSONALE

Det har i fleire år vore sviktande rekruttering til offentlege tannlegestillingar. Ved utgangen av året stod 15 tannlegestillingar ledige, eller omlag 20% av alle stillingane. Denne situasjonen må sjølvstgå ut over tannhelsetilbodet til befolkninga.

Med ein langt større avgang på tannlegar i Noreg enn det som blir utdanna dei komande åra, er det grunn til å sjå med sterk uro på framtida for offentleg tannhelseteneste, særleg i utkantdistrikt. Det hastar derfor med at Staten som har ansvar for utdanning og tilgang på helsepersonell no følgjer opp dette ansvaret, slik at vi kan oppretthalde eit godt offentleg tannhelsetilbod også i åra framover.

KLINIKKAR

Under behandlinga av "Omstilling 2000 – struktur-gjennomgangen", vedtok fylkestinget i desember 2000 ein ny klinikkstruktur i tannhelsetenesta, men i oktober 2001 tok fylkestinget saka opp att og vedtok å utsetje ei evt. gjennomføring til det er avgjort kva forvaltningsnivå tannhelsetenesta skal liggje til.

OMFANGET AV TENESTETILBODET

For det frie klientellet var 1.772 fleire personar under tilsyn i 2001 enn året før. 58.259 personar eller 86% av fritt klientell var under tilsyn. Med tanke på dei mange vakante tannlegestillingane er dette eit svært godt resultat.

Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene, barn og ungdom 0-18 år og psykisk utviklingshemma, er godt. Høvesvis 90% og 91% av desse gruppene var under tilsyn i 2001.

Når det gjeld eldre og funksjonshemma var 83% av dei i institusjonar og 33% av pasientane i heimesjukepleien under tilsyn. Særleg gledeleg i 2001 var det vesentleg betra tilbodet til desse gruppene i høve til året før.

Berre 18% av ungdom 19-20 år var under tilsyn i 2001. Grunnen til den låge oppslutninga er at fylkestinget i 2000 vedtok å endre vilkåra, slik at denne gruppa i 2001 måtte betale full pris og ikkje fekk 75% moderasjon, slik vederlagsforskrifta til tannhelsetenesteloven tilseier.

I 2001 var 11.816 betalande vaksne pasientar under

regelmessig tilsyn i offentleg tannhelseteneste. Det utgjør omlag 7% av befolkninga over 20 år i fylket.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde såleis tilsyn med omlag 71.000 personar i 2001. Det utgjør omlag 29% av folket i fylket.

TANNHELSERESULTATA

Det er små endringar i tannhelse til barn og ungdom i høve til året før. Det er ei betring for 18-åringane, uendra resultat for 12-åringane og ein svak tilbakegang for 5-åringane. 58% av 5-åringane hadde feilfrie tenner (d.v.s. tenner utan fyllingar eller tannrote). I gjennomsnitt hadde 12-åringane 1,6 DMF-tenner (tenner som har hol, er fylte eller trekte) og 46% hadde feilfrie tenner. 18-åringane hadde i gjennomsnitt 5,5 DMF-tenner og 14% hadde feilfrie tenner.

Siste 20 åra har vi hatt ei stor betring av tannhelse til barn og ungdom, men sidan 1999 har det over heile landet vore ein tilbakegang når det gjeld 5-åringane. Tannhelse til barn og ungdom i Møre og Romsdal ligg omlag på landsgjennomsnittet.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2001 for fylkestannlegen sitt ansvarsområde viser eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kroner i høve til budsjettet. Årsaken til meirforbruket er tilleggspremien til KLP som var 1,9 mill. kroner. Ser vi bort frå tilleggspremien, er det eit mindreforbruk på 0,2 mill. kroner.

UTFORDRINGAR

Dei viktigaste utfordringane i tannhelsetenesta i åra framover kan samanfattast slik:

- Rekruttere tannlegar og oppnå stabilitet i stillingane
- Gi eit godt tannhelsetilbod til alle grupper prioritert klientell i samsvar med tannhelsetenesteloven
- Styrke og kvalitetssikre tilbodet til eldre og funksjonshemma
- Utbygging av IT
- Opprusting av klinikkar og utstyr

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta har 40 tannklinikkar i 35 av dei 38 kommunane i fylket og gir tannhelsetenester til klientell som er prioritert i tannhelsetenesteloven: barn og ungdom 0-18 år, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie og ungdom 19-20 år. Klinikane gir også tilbod til vaksent betalande klientell. Helse- og sosialtvalet har det politiske sektoransvaret, medan fylkestannlegen har det administrative og faglege leiaransvaret.





Utdanning

Hovudoppgåvene til utdanningssektoren er vidaregåande skole og fagopplæring i arbeidslivet. Opplæringa skjer i 27 vidaregåande skolar og ca 1300 lærebedrifter. Utdanningsutvalet har det politiske ansvaret for sektoren, medan fylkesutdannings sjefen har det administrative ansvaret. Yrkesopplæringsnemnda, som er samansett av folkevalde og representantar for partane i arbeidslivet, har eit særskilt administrativt ansvar for fagopplæringa i fylket.

UTVIKLINGSTREKK

Måla for arbeidet med vidaregåande opplæring er slått fast i Lov om vidaregåande opplæring, læreplanverket, og dei årlege styringssignala frå Undervisnings- og forskingsdepartementet (UFD). Måla er samla i ein årleg "Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal" der også koplingane til Fylkesplan 2001-2004 er nedfelt. Nokre utviklingstrekk :

A. KVANTITET

Elevtalet i skoleåret 2001/02 er om lag det same som forrige skoleår, ca 9700. I dette talet ligg både skole og fagopplæring, og både ungdom og vaksne som er med i det ordinære inntaket. Ekstra klasser spesielt tilrettelagt for vaksne kjem i tillegg. Til grunnkurs har ca 92 % fått plass på sitt første kursønske. Totalt er søkinga til dei allmennfaglege studieretningane no 43 %, og dei yrkesfaglege 57 %. Talet på ledige skoleplassar er redusert frå 1211 i 1999 (11.11), til 561 (pr 1.09.01), og dei ledige plassane på AA utgjør no vel 62 % av totalt tal på ledige skoleplassar. Dei ledige plassane utgjør vel 5,5 % av total kapasitet.

Det var i 2001 865 ordinære søkarar til læreplass, 25 søknader til avvikande læreplass, og 30 søknader til opplæringskontrakt. Generelt har vi her i fylket fleire læreplassar enn vi har søkarar, sjølv om formidlinga er noko vanskelegare innanfor enkelte fagområde og for enkelte grupper av søkarane. 01.01.02 hadde utdanningsavdelinga 1692 løpande lærekontrakter.

Det er 914 vaksne som etter innføringa av kompetansereformen har fått realkompetansen sin vurdert i perioden 01.08.00 – 31.12.01. Vi har og starta opp med yrkesprøving for dei som ikkje kan dokumentere kompetansen sin på annan måte. Totalt var det pr 31.12.01 965 personar som hadde starta eit opplæringsløp etter vurdert realkompetanse. Omfanget på opplæringa varierer ut frå dei individuelle behova.

B. KVALITET

Møre og Romsdal har eit vidaregåande opplærings-tilbod som på ein god måte oppfyller kvalitetsmåla for opplæringa, og opplæringskvaliteten står samtidig i fokus i ei lang rad utviklingsprosjekt:

■ Gjennom det nasjonale, 3-årige differensieringsprosjektet (2000-03) arbeider heile det vidaregåande opplæringsystemet for i større grad å kunne gi "tilpassa opplæring for alle." Tilnæringsmåtene

er ulike, men målet er meir fleksible skolar og lærebedrifter, større elevmedverknad og betre samanheng i det 13-årige opplæringsløpet. Det har vore stor aktivitet i 2001, m.a. skolebesøk på nesten alle skolane for å drøfte og vurdere dei konkrete tiltaka som skolane arbeider med.

■ LUIS / SAMTAK-programmet koplar over ein 3-årsperiode saman skoleleiarprogrammet LUIS, og SAMTAK, eit kompetansestyringsprogram for PP-tenesta. Hovudfokus er systemretta arbeid, kopla opp mot konkret utviklingsarbeid innanfor 3 temaområde: sosiale/emosjonelle vanskar, lese- og skrivervanskar og samansette lærevanskar. Programmet starta år 2000, og det blir lagt vekt på å ha nær kopling også med differensieringsprosjektet.

■ PILOT (Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisering og Teknologi), eit nasjonalt prosjekt som fylkeskommunen (v/Romsdal vgs og Haram vgs) er med på, saman med kommunane Molde, Haram og Giske. PILOT dreier seg om meir aktiv bruk av IKT, med fokus på organisering og pedagogikk, m.a. endra elev- og lærarrolle, og nye prøve- og eksamensformer. Også PILOT har nær kopling til differensieringsprosjektet.

■ Prosjektet "Ekstern skolevurdering" starta hausten 2001, og gjeld bruk av eksterne grupper til skolevurdering. 2 grunnskolar og 2 vidaregåande skolar i fylket er med (Surnadal vgs og Spjelkavik vgs + Aure barne- og ungdomsskole og Kolvikbakken ungdomsskole). Det er gjennomført utveljing og skoleringsseminar hausten 2001, og blir lagt opp til skolebesøk våren 2002. Skolefolk, foreldre, næringslivsrepresentantar, elevar og høyskolerepresentantar deltar i vurderingsgruppene.

■ Eit heilskapeleg kvalitetsutviklingssystem. Utdanningsavdelinga har i 2001 utarbeidd eit opplegg, med nokre hovudbjelkar, og nær kopla til Plan- og styringssystemet for fylkeskommunen. Nokre hovudelement er : Brukarundersøkinga "Elevinspektørene", kartlegging av arbeidssituasjonen for dei tilsette, betre statistikk for dokumentasjon og vurdering av gjennomstrøyminga, og betre samanheng i dei interne styringsdokumenta. Vi avventar eventuelle justeringar i dei nasjonale politiske signal om det framtidige kvalitetsarbeidet før sak blir lagt fram til politisk handsaming våren 2002. Elevmiljøundersøkinga vi hadde i 2000, saman med "elevinspektørundersøkinga" ved årsskiftet 2001/02, fortel oss at rundt 85 % av elevane trivst godt/svært godt i vidaregåande opplæring, men gir samtidig signal om kva vi må arbeide med vidare. Det gjeld m.a.

arbeids- og læringsformer og elevmedverknad.

■ Arbeidet med å styrke den lærebedriftsbaserte vurderinga, gjennom spørreundersøking, samlingar for lærlingane etc. blir ført vidare. Den viktigaste saka på dette området i 2001 har vore ein grundig gjennomgang av opplæringskontorstrukturen. Opplæringskontora omfattar ca 75% av lærlingane, og det er viktig å vurdere: Har vi dei opplæringskontora vi bør ha - ut frå pedagogiske og næringspolitiske omsyn? Korleis blir dei drivne og kvalitets-sikra – pedagogisk og økonomisk? Sak blir lagt fram for politisk handsaming våren 2002.

I kvalitetsarbeidet er også kontakten mellom skole og arbeidsliv viktig, og det blir arbeidd kontinuerleg for å halde oppe god søking til dei yrkesfaglege studieretningane. I høve at det i 2001 var 20 år sidan fylkeskommunen fekk ansvar for fagopplæringa, vart det laga eit jubileumsskrift "Fagopplæring i Møre og Romsdal", som er brukt aktivt i marknadsføringa av dei yrkesfaglege studieretningane og fagopplæringa. Fleire utviklingsprosjekt har som mål å styrke rekrutteringa, spesielt "Ungdom til utdanning og yrke i tradisjonelle næringer", som dreier seg om fiskerinæring og om møbelindustri. Det kan nemnast at rekrutteringa til mekaniske fag er 13 % av ungdomskullet, det høgste i landet. Prosjektet "Ungt Entreprenørskap" dreier seg om å bruke nye pedagogiske tilnæringsmåtar for å gjere opplæringa meir realistisk. Skoleåret 2000/2001 var første året med dette opplegget i Møre og Romsdal, og då var 15 elevbedrifter i arbeid ved dei vidaregåande skolane. Skoleåret 2001/02 er det starta heile 41 elevbedrifter. Den beste elevbedrifta i Møre og Romsdal 2001, "Stål med stil" frå Nørve vgs, vart nr 3 i den nasjonale tevlinga.

ØKONOMI

Utdanningssektoren har ei samla økonomisk ramme på meir enn 880 mill. kroner, fordelt på fire fylkestingsrammer og meir enn femti utvalsrammer. Sektoren samla kom ut med eit mindreforbruk på 2,4 mill. kroner i høve til tildelt budsjett. Fylkestingsramme 21 omfattar drifta av dei vidaregåande skolane og fagopplæring og med ei samla ramme på 752 mill. kroner; utgjør dette meir enn 85 % av den samla ressursinnsatsen i sektoren. Ramme viste eit samla mindreforbruk på 3,1 mill. kroner. Fylkestingsramme 22 omfattar ressursar til tiltak for elevar som av ulike grunnar treng særskilt tiletrelagt opplæringstilbod. Samla økonomisk ramme var i

2001 på om lag 75 mill. kroner, og rekneskapa her viser eit meirforbruk på 0,7 mill. kroner.

Fylkestingsramme 23 omfattar vaksenopplæring på vidaregåande nivå. Samla økonomisk ramme var på 7,4 mill. kroner og drifta var i balanse.

Fylkestingsramme 24 Øvrige opplæringstenester omfattar mellom anna drift av utdanningsavdelinga, eksamenssekretariatet, opplæringskontoret for offentlig sektor, gjesteelevar, undervisning ved helse- og sosialinstitusjonar og kompetanseheving av personale. Fylkestingsramma har eit samla budsjett på 46 mill. kroner og viser eit meirforbruk på 0,2 mill. kroner. Samla er utdanningssektoren belasta med 3,6 mill. kroner i ekstra KLP-kostnader.

UTFORDRINGAR KNYTT TIL FRAMTIDA

Samtidig som vidaregåande opplæring heile tida må drivast for dei elevar og lærlingar som skal ha god opplæring her og no, må det samtidig arbeidast med sikte på at vi skal kunne møte framtida på ein god måte. Det gjeld m.a.

■ arbeidet med skole- og tilbudsstrukturen, der store utbyggings- og fornyingsprosjekt no blir planlagt og der siktemålet er at dei nye og moderniserte vidaregåande skolane skal vere kraftsenter i det regionale og lokale utviklingsarbeidet innanfor kultur og næringsliv

■ arbeidet med å få dei unge sine utdanningsval til å samsvare best mogleg med behova for arbeidskraft i fylket framover; samtidig som ein må ha eit opplæringssystem som tar hand om løpande behov for grunn-, etter- og vidareutdanning for vaksne

■ arbeidet for å sikre at flest mogleg kan fullføre opplæringa med planlagt slutt-kompetanse, og alle opplever at dei får ei tilpassa opplæring ut frå sine føresetnader

■ personalsituasjonen, der det etter blir ei stadig større utfordring å sikre nok og godt kvalifisert personale, ikkje minst etter kvart som ungdomskula stig igjen frå 2004

■ dei internasjonale utfordringane, som gjer at opplæringssystemet vårt ikkje berre konkurrerer innanfor ein nasjonal samanheng, men der vi må gi ei opplæring som gjev ungdommane våre internasjonale perspektiv, erfaringar og ferdigheiter.

Dette gjer utdanning og ungdoms- og oppvekstmiljø til kanskje dei aller viktigaste innsats-områda i arbeidet med "det nye fylket", og der det er avgjerande at vi heile tida har ei medviten og reflektert kvalitetsholdning.





Kultur

Fylkeskommunen sine oppgaver på kulturområdet spenner over eit vidt spekter; m.a. planarbeid, rådgjeving, forvaltning av lovverk om kulturminne, kulturtilskot til organisasjonar, institusjonar m.v., forvaltning av spelemidlane og ymse statlege tilskotsordningar, initiert og gjennomføring av ungdomskulturtiltak, drift av møremusikar-ordninga og fylkesbiblioteket, engasjement i overordna planlegging og tiltak på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Kulturavdelinga har eit nært samarbeid med kulturorganisasjonane, institusjonar, kommunar m.fl.

Fylkeskulturutvalet har det politiske sektorsvaret, medan fylkeskultursjefen har det administrative leiaransvaret.

UTVIKLING

Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som avgjerande å vere både utviklingsretta og samarbeidsretta i si kultursatsing. Kulturplan 2000, som fylkesdelplan for heile kulturområdet fekk si godkjenning av Miljøverndepartementet hausten 2001.

Departementet signaliserer støtte i val av mål og hovedstrategier og ser m.a. positivt på den sterke barne og ungdomssatsinga planen legg opp til. Fylkesdelplanen er såleis det sentrale utgangspunktet for felles vidare kultursatsing mellom alle samarbeidsaktørane i Møre og Romsdal.

KULTURFORSKING

Fylkesutvalet vedtok i 2001 å samarbeide med Høgskolen i Volda og Høgskolen i Molde om å vidareutvikle dokumentasjonsarbeidet om kva som styrkar attraktiviteten til Møre og Romsdal. Målet er å styrke dokumentasjonen som grunnlag for vidare aktiv og målretta kultursatsing i Møre og Romsdal. Forprosjektet er utvikla og dokumentasjonsarbeidet vil bli utført i 2002.

KULTURNISTA/KULTURFORMIDLING

Møre og Romsdal fylkeskommune har vidareutvikla kulturminnista i 2001. 26356 elevar i heile fylket har fått tilbod om kulturopplevingar med profesjonelle aktørar. Tilbodet blei gitt i nært samarbeid mellom staten, fylkeskommunen, kommunane, regionale og nasjonale institusjonar og frie grupper. Nytt av året er uteskole tufta på kulturminnevern og friluftsliv. Også Bokbåten kom på plass att hausten 2001 og vitja 74 stoppestader. "Epos" bidrar såleis også til den aktive formidlinga til barn og unge i fylket.

ORMEN TIL MØRE OG KULTURMINNE

Kulturavdelinga har i samarbeid med Norsk Hydro og kommunane Aure, Averøy, Aukra og Haram gjennomført eit svært omfattande prosjekt for å kartlegge kulturminne på dei aktuelle lokaliseringstaden til Ormen til Møre. Det har vore eit svært godt samarbeid mellom partane gjennom heile prosjektperioden. Kulturavdelinga har hatt eigen prosjektleiing og mellom 40 og 50 registratorar i "felt" sommaren 2001.

STYRKING OG SAMORDNING AV ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM

Stortingsmelding 22 (1999 – 2000) om arkiv, bibliotek og museum vart vedteken av Stortinget i desember 2000. Særleg skal staten satse på museumsutvikling i fylka. Møre og Romsdal fylkeskommune var aktiv for å kome med tidleg, og fekk tilslag på dette. Sidan mars 2001 har kulturavdelinga gjennomført ein omfattande prosess i nært samarbeid med kommunane og musea i fylket og med nær dialog med Norsk Museumsutvikling. Målet er å samordne museumsarbeidet rundt dei tre regionmusea og styrke ressursituasjonen i regionane. Staten utvida ramma til dei tre regionmusea med 1 mill til kvar for 2002. Møre og Romsdal kom best ut av alle fylka med denne auken, då staten vurderer prosessen i Møre og Romsdal som forbilledleg.

Ein forutset statleg økonomisk medverking til

magasinbygg ved dei tre regionmusea og nybygg ved Nordmøre museum og Romsdalsmuseet samt ytterlegare styrking av drift.

Målet er også å utvikle arkivområdet og då særleg privatarxivområdet som er svakt utbygd i Møre og Romsdal. Endeleg mål er også å utvikle samarbeid mellom områda bibliotek, arkiv og museum med utgangspunkt i utgreiinga og nasjonale mål.

FYLKESGALLERI/KUNSTMUSEUM FOR MØRE OG ROMSDAL

I desember 2001 kjøpte Møre og Romsdal fylkeskommune Norges Bank sitt bygg i Ålesund til fylkesgalleri/kunstmuseum for Møre og Romsdal for 8 mill. kroner. Eit viktig steg vart då teke for å kunne satse på det kulturområdet som er svakast utvikla i Møre og Romsdal. Planarbeid med formål endeleg etablering av kunstmuseet for Møre og Romsdal vil bli sett i gang i 2002 i nært samarbeid med naturlege samarbeidspartar.

ØKONOMI

Fylkeskommunen sine ressursar til kultur utløysar både statlege ressursar og kommunale ressursar gjennom finvevde samarbeid. Ikkje minst utløysar ressursane ein stor frivillig kulturdugnad. Netto brukte Møre og Romsdal fylkeskommune 37.1 mill. kroner og brutto 83.5 mill. kroner som følgje av ulike statlege tilskot og spelemidlar. Det er godt samsvar mellom netto budsjett og rekneskap for 2001.

FRAMTIDA

Kulturdugnaden mellom dei frivillige organisasjonane, kulturinstitusjonane, kommunane og fylkeskommunen i Møre og Romsdal er god. Dette utløysar stor kreativitet, innsats og aktivitet. Likevel slit enkeltkommunar med rammesituasjonen. Dette svekker styrken for kultursatsing i desse kommunane og også bidraget til den heilskaplege dugnaden. Hovudtrenden er optimisme og stor satsing som eks. bygging av fleirbrukshall i Eide og regionalt kulturhus i Surnadal.

Nye utfordringar i 2002 ligg i m.a. i oppgaver knytt til kultur som førebyggjande helsearbeid, breiare samarbeid med samla frivillig sektor og utvikling og etablering av nye grep innan arkiv, bibliotek og museumsområdet.

Samferdsel



Samferdselsavdelinga koordinerar den overordna strategiske samferdselsplanlegginga i fylket i tett samarbeid med Statens vegvesen, Luftfartsverket, Jernbaneverket, Kystverket og kommunane. I samband med dette tek fylkeskommunen også initiativ til utviklingsprosjekt og konkret samordning innan samferdselssektoren.

AKTIVITET I 2001

Busstilbodet er den største og viktigaste delen av kollektivtransporten i fylket. Det blei i 2001 transportert 14,1 mill passasjerar og ytt eit tilskott på 135,2 mill. kroner. I gjennomsnitt blir dekket det fylkeskommunale tilskottet 1/3 av billettprisen.

Til fylkesvegferjedrifta blei det i 2001 ytt eit tilskott på 24,5 mill. kroner. 1. mai 2001 blei det skipa eit nytt fylkesvegferjesamband mellom Hundeidvik og Festøy. Til båtrotene blei det ytt eit tilskott på 30,2 mill. kroner. Fylkestinget vedtok i 2001 at hurtigbåtruta Molde – Vestnes – Vikebukta skal leggjast ned når Tresfjordbrua blir opna, tidlegast i 2005.

Til skoleskyss av om lag 6.000 elevar i vidaregåande skule blir det ytt 44,3 mill. kroner i tilskott. Utgiftene til skyss med privatbil, drosje og båt for elevar som ikkje har eit kollektivtransport-tilbod, viser ein aukande tendens.

Frå 2000 til 2001 blei tilskotsramma til transporttenesta for funksjonshemma redusert frå 11,4 til 10,7 mill. kroner. Talet på brukarar er om lag 6 600, og tilskottet til kvar brukar varierar frå 1.920 kroner til 3.200 kroner.

I 2001 blei det starta opp nye kollektivterminalar på Hareid og ved Ytterland på Giske. Fylkeskommunen har saman med transportørane ansvar for drift av ruteopplysningstenesta "177", lokalisert i Kristiansund. I 2001 hadde "177" 225.000 førespurnadar, ei auke på 19 % frå året før.

For å kunne gje ein betre service til trafikantane og å skape ein felles identitet for kollektivtransporten, har fylkeskommunen i 2001 fått laga eit profilprogram for kollektivtrafikken i fylket.

Arbeidet med "Kollektivtransportplan for Ålesund og Giske kommune" blei avslutta i 2001 med evaluering av gjennomførte tiltak. Evalueringa syner at kollektivtrafikken har auka med 7,2% etter at tiltaka vart gjennomført, men kollektivtrafikken tapar like-

vel terreng i høve til privatbilen.

Gjennom aktiv deltaking i Samarbeidsrådet for Vestlandet og Sørlandet (Savos), Interreg III B og i Nordisk Transportpolitisk Nettverk har samferdselsavdelinga vore med på å sette søkelyset på utfordringar vi har felles med desse samarbeidspartnarane. Mellom anna har det vore arbeid med utvikling av transportsystemet langs kysten, knutepunkts-hamner for eksport, og med prosjektet Nordleg maritim korridor.

ØKONOMI

Samferdselsjefen sitt ansvarsområde hadde eit budsjett på 256 mill kroner i 2001. Rekneskapan for 2001 gjekk i balanse.

FYLKESDELPLAN TRANSPORT

I 2001 blei Fylkesdelplan Transport for 2002 til 2011 vedteken av fylkestinget. Hovudmålet i planen er: Betre tilgjengelegheit for folk og gods innafør tenlege rammer for trafikktrygging, miljø og samfunnet sin ressursbruk. Planen bygger på dei overordna målsettingane i Nasjonal transportplan og ligg til grunn for fylkeskommunal verksemd og er retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Samferdselsavdelinga har og samordna uttalen til handlingsprogramma til Nasjonal Transportplan i 2001.

I 2001 har Samferdselsavdelinga vore med å starta opp to prosjekt nemnd i Fylkesdelplan Transport, dette er "Utvikling av nasjonalhamn i Ålesund" og "Utvikling av kollektivtransportane i distrikta"

I 2001 blei det sett i gang utvikling av ei nasjonalhamn/knutepunktshamn i Ålesundsregionen. Hamna skal gje eit konkurransedyktig servicetilbod som mellom anna fremmer sjøvegs godstransport frå Møre og Romsdal til kontinentet. Deltakarar i dette arbeidet er Ålesund hamnevesen, Ålesund og omkringliggande kommunar, fylkeskommunen, Statens vegvesen, Kystverket, transportørar, speditørar og eksportørar.

For å utvikle kollektivtransportane i distrikta blei det hausten 2001 satt i gang eit forsøksprosjekt. Prosjektet skjer i samarbeid mellom Trygdeetaten, Kommunenes Sentral-forbund og Møre og Romsdal fylkeskommune, og Haram kommune er valt som forsøkskommune. Ein har kartlagt transportbehov og transporttilbod. Det vil i 2002 bli arbeid med forslag til forbetringar, eventuelt eit nytt transportsystem.

Samferdselsavdelinga har ansvaret for omfattande oppgåver innan samferdselssektoren. Ei av hovudoppgåvene er ansvaret for kollektivtransporten både på sjø og land, som blir utført av ruteselskap og terminalselskap etter driftsavtalar med fylkeskommunen. Fylkeskommunen administrerar også transportordninga for funksjonshemma, gir gods- og persontransportløyve samt har ansvar for organisering av den sivile veg- og kysttransporten i fylket ved kriser i fredstid, beredskap og krig.

Fylkeskommunen er gjennom fylkesplanlegginga tillagt eit ansvar for regional utvikling og i høve samferdselsfeltet er hovudutfordringane å:

- Auke samarbeidet mellom dei ulike offentlege transportetatane for å fremje ein heilskapleg transportpolitikk.
- Auke samarbeidet mellom offentlege og private aktørar for å fremje gode samferdselsløysingar.
- Påverke utvikling av arealbruken slik at det blir lagt til rette for utvikling av gode kollektivtilbod.



Næring og miljø

Nærings- og miljøavdelinga arbeider for å utvikle gode vilkår for næringsutvikling og regional utvikling i Møre og Romsdal.

Våre verktøy er:
høg og variert kompetanse hos dei 24 tilsette nettverk
kapital til utviklingsprosjekt – 2001: 21,6 mill. kroner
forvaltning av plan- og bygningslova

Strategisk næringsplan for Møre og Romsdal 2001-2004 er grunnlaget. Her har næringslivet o.a. sagt kva dei meiner er strategisk viktige innsatsområde for utvikling av Møre og Romsdal.

NOKRE GLIMT FRÅ NÆRINGS- OG MILJØAVDELINGA SITT ARBEID

"Ormen til Møre": Vi har sett ilandføring av Ormen Lange-gassen høgt på den nasjonale oljepolitiske dagsorden. Vi har arbeidd i forhold til Storting, Regjering, oljeselskap og oljedirektorat, og fått opp diskusjonen om eit landbasert gassknutepunkt i Møre og Romsdal. Vi har, saman med kommunane, nytta våre kunnskapar innan olje- og gassutvinning og fysisk planlegging til å klarere aktuelle område for ilandføring av gass frå Norskehavet.

Kompetansefond og "Høgskolesamarbeid Møre": For å styrke høgskolane si konkurransekraft og styrke samarbeidet mellom høgskolane og næringslivet, har fylkeskommunen etablert eit kompetansefond på 50 mill. kroner. I samarbeid med høgskolane, har vi sett i gang prosjekt "Høgskolesamarbeid Møre", med langsiktig mål om ein nettverkbasert vitenskapleg høgskole.

Attraktive tettstader: Vi arbeider saman med kommunane for å utvikle kommunesentra til tettstader som er attraktive for dei som bur der og for tilflytting; dvs. vakre tettstader med levande møteplassar og gode tenestetilbod.

Havbruk: Vi arbeider med å legge til rette for at det store potensialet i havbruksnæringa kan realisast – gjennom kystsonoplanlegging og undersøkingar i fjordane i fylket for å få kunnskap om kor eigna ulike område er for oppdrett av fisk og skjel. Det er sett i gang eit utviklingsprogram for skjelnæringa, og vi arbeider for å styrke og utvikle næringsrelevante havbruksforskning, gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom Akvaforsk og Møreforskning Ålesund.

Internasjonalisering: Vi er ei dør for næringsliv og kommunar inn til konglomeratet av EU-program. Vi samarbeider om utvikling av prosjekt og søknader knytt til opplæring, utveksling, bedriftsutvikling og regional utvikling. Vi har og nytta dei fortrinn vi har gjennom etablert samarbeid med Tsjekkia og Slovakia, til dørøpnarfunksjon for bedrifter frå fylket.

Nyskaping og entreprenørskap: I 2001 har vi arrangert to etablerarskolar med 38 deltakarar, og 221 moglege etablerarar har fått råd og hjelp for å kome i gang med eiga bedrift. I samarbeid med m.a. kommunar og SIVA arbeider vi for utvikling av næringshagar og kunnskapsparkar i fylket, som vekstmiljø for nyetableringar.

Driftsassistansen for vatn og avløp i Møre og Romsdal: Gjennom Driftsassistansen samarbeider vi med kommunane i fylket for å sikre tilfredsstillande vasskvalitet, gjennom kompetansebygging og effektivisering innan vatn- og avløpssektoren.

Planretteleing og kompetansestøtte: Avdelinga yter råd og rettleiing til kommunar i plansaker, etter plan- og bygningslova. Det har vore arbeidd med ei lang rekke kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssøknadar.

ØKONOMI

Vi har halde oss innanfor dei økonomiske rammene, og har eit overskot på drift på 165.000 kroner. Vi har nytta 21.6 mill. kroner til regionale investeringar og utviklingsprosjekt. Dette er fordelt på 3,6 mill. kroner til Kompetanse, 6,0 mill. kroner til Innovasjon, nyskaping og nettverk, 1,8 mill. kroner til Konkurranseskraft i ein internasjonal marknad og 10,2 mill. kroner til Robuste bu og arbeidsmarknadsregionar, som inkluderer fysiske investeringar i næringsareal, hamn, kai, vassforsyning og infrastruktur i tettstader.

UTVIKLING FRAMOVER

Konkurransen som næringsliv, kommunar og høgskolar/forskning i fylket står overfor er aukande. Nærings- og miljøavdelinga vil arbeide for gode rammevilkår og fronte kampen for vidare vekst og utvikling i Møre og Romsdal.

Rekneskap 2001



Dette syner at drifts nivået ikkje har stått i forhold til ressurstilgangen. Det blir arbeidd med ei rekkje tiltak for å rette opp dette misforholdet. Mellom anna er det med verknad frå år 2000 innført rammestyring, noko som betyr at dei som har hatt mindreforbruk, etter ei vurdering kan få overført mindreforbruket som styrking av budsjettet for neste år, samstundes som dei med meirforbruk kan bli trekt i rammen for neste år. Det positive driftsresultatet som dei fleste etatane kan syne til kan truleg mellom anna tilskrivast denne ordninga.

Det ser no ut til at fylkeskommunen i 2002 kan kvitte seg med det samla underskotet.

Driftsåret 2001 vart på mange måtar spesielt. Mellom anna vart fylkeskommunen påført heile 82,3 mill. kroner i ekstra pensjonskostnader til KLP. Som følgje av statleg overtaking av spesialisthelsetenesta, vart også fylkeskommunen påført ekstra kostnader på 37,5 mill. kroner.

At ein likevel har klart å avgrense meirforbruket til 30,6 mill. kroner for 2001 kan i stor grad tilskrivast god økonomistyring i heile organisasjonen. For dei ulike rammeområda har omtala ekstrakostnader påverka resultatata som følgjer:

Sentral styring og fellesutgifter

Har eit samla mindreforbruk på 13,2 mill. kroner etter utgiftsføring av 1,1 mill. kroner i ekstrakostnader.

Utdanningstenester

Har eit samla mindreforbruk på 2,4 mill. kroner etter utgiftsføring av 3,6 mill. kroner i ekstrakostnader.

Helse- og sosialtenester

Har eit samla meirforbruk på 136,7 mill. kroner etter utgiftsføring av 112 mill. kroner i ekstrakostnader. Isolert sett kan 114,7 mill. av meirforbruken tilbakeførast til dei somatiske tenestene medan 21,3 mill. kroner kan tilbakeførast til dei psykiatriske tenestene.

Tannhelsetenester

Har eit meirforbruk på 1,7 mill. kroner etter utgiftsføring av 1,9 mill. kroner i ekstrakostnader.

Kulturtenester

Har eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner etter utgiftsføring av 0,5 mill. kroner i ekstrakostnader.

Nærings- og miljøtenester

Har eit mindreforbruk på 0,2 mill. kroner etter

utgiftsføring av 0,3 mill. kroner i ekstrakostnader.

Samferdselstenester

Har eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner etter utgiftsføring av 0,1 mill. kroner i ekstrakostnader. Meirforbruken kan nesten i si heilheit tilbakeførast til vegformål.

Sentrale kontrollorgan

Har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner etter utgiftsføring av 0,1 mill. kroner i ekstrakostnader.

DRIFTSINNTEKTENE

I 1999 vart det gjennomført ei omlegging av fylkeskommunane sine skatteinntekter som medførte at bedriftsbeskatninga skulle falle bort og kompensert med ei auke i skatteøret.

Ordninga fungerer slik at avvik frå budsjettet skatteinngang blir omgåande regulert med tilsvarende tilpasning i utbetalte rammetilskot. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje lenger sjølv kan disponere mogleg ekstra skatteinngang som på -90 talet. I år 2001 fekk Møre og Romsdal likevel 51 mill. kroner meir enn budsjettet i skatteinntekt/rammetilskot, då skatteinngangen på landsbasis låg vesentleg høgare enn budsjettet.

DRIFTSUTGIFTENE

Som omtalt tidlegare er det i driftsåret utgiftsført ekstrakostnader på 119,8 mill. kroner.

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremarka tilskot i stor grad ikkje er budsjettet. Det same gjeld fond.

RENTER OG AVDRAG

Viser ei innsparing på 32,4 mill. kroner.

KAPITALREKNESKAPEN

Budsjettavvik i kapitalrekneskapen skuldast i liten grad overskridingar eller innsparingar, men heng saman med at byggeprosjekt er budsjettet eitt år medan prosjekta går over fleire rekneskapsår. Dette kan gje store periodiseringsavvik mellom budsjett og rekneskap.

Etter søknad er det høve til å bruke av driftsrammene til å finansiere utstyrskjøp.


Når det gjeld ytterlegare detaljer og noter knytt til drift og balanse viser vi til den godkjente rekneskapen som blir lagt fram for fylkestinget i april.

Rekneskapen for Møre og Romsdal fylkeskommune for år 2001 blir lagt fram etter ansvarsområde. Inndelinga i ansvarsområde er den same som inndelinga i fylkestingsrammer.

År 2001 syner eit netto meirforbruk på 30,6 mill. kroner mot eit budsjettet resultat i balanse. Det er i driftsåret brukt 16,2 mill. kroner av disposisjonsfond, og det er overført 5,5 mill. kroner frå drifts- til investeringsrekneskapen. I tillegg er det netto sett av 24,1 mill. kroner til bundne fond.

Fylkeskommunen har ved utgangen av 2001 eit akkumulert underskot på 55,3 mill. kroner, herav 11,5 mill. kroner som skriv seg frå 1991.

Organisasjon





MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
TELEFON 71 25 80 00 - WWW.MR-FYLKE.ORG

